

I tre tiår var **Færingsehavn** på Vest Grønland sjølve symbolet på dristig, norsk - og særleg sunnmørsk - satsing innanfor fiskeria på fjerne farvatn. I dag er det berre trøsteslause ruinar att av det som ein gong var ein levande fiskeristasjon.

Færingsehavn - eit monument i ruinar

Færingsehavn, heimehamn og fristad for tallause norske fiskarar som dreiv på bankane utanfor Vest Grønland i 50-, 60- og 70 åra. Hit søkte dei mellom månads lange arbeidsyktar med blodslit og slingring. Her traff dei kjentfolk heimanfrå. Her var det kino og kafe. Her var det nokon lunde ferske aviser å finne - og her kunne det vanke kjærkomen post heimanfrå. Sjølv om både norske, danske og færøyske interesser sto bak Nor-Da-Far, selskapet som sto for drifta av denne stasjonen ved innlaupet til Buksefjorden, hadde dei norske her kjensla av at den først og fremst var deira. Framfor det store, kvitmåla administrasjonsbygget som gjekk under namnet Himmelbjerget vaia flagga til alle dei tre eigaerlanda. Men frå velferdshuset, den mest populære staden for fiskarane vaia kun det norske. Denne bygningen vart nemleg oppsett for den norske staten si rekning i 1950. Og sjølvaste fiskeridirektøren sto for opninga på innvinningsfesten året etter.

Kor mange norske fiskarar og landarbeidarar som opplevde lune hyggestunder i denne bygninga i dei tiåra det var aktivitet i Færingsehavn er det ingen gitt å vite. Men årvisst var det eit drygt hundretals nordmenn som arbeidde på stasjonen, og 30-40 norske båtar med besetning på 20 mann og meir som gjorde seg nytte av tilboda i den aktive fiskerihamma.

A/L Utrustning

Det var i 1937 Færingsehavn vart opna for norske fiskefartøy.

Andelslaget Utrustning vart skipa med det føremålet å arbeide for betre utnytting av fangst- og fiskefelta på fjerne farvatn, m.a. ved å skaffe utrustning og forsyningar til fiskefartøya, henting og omsetjing av fangst m.m. For å få konseksjon til å starte verksemid på Grønland, danna A/L Utrustning saman med danske firma selskapet Asgrico. Dette selskapet fekk konseksjon frå dei danske styresmaktene, som innebar rett til bygging av ein landstasjon med kai, opplagsplassar, handelsstasjon og verkstad. Selskapet fekk vidare rett til å drive næringsverksemid, motak, lagring og omsetting av fisk.

A/L Utrustning skulle for eigen risiko, men for Asgricos rekning bygge landstasjon, kai, bygningar m.v. og drive verksemid med motak av saltfisk, omlasting, levering av olje, agn, salt og andre forsyningar som var naudsynle for fiskeria.

Stasjonssjefen måtte vere dansk, men den norske verksemid vart leia av den norske ekspedisjonsleieren som i realitet vart den eigentlege administratoren,

Uthyinga starta i 1949. Frå Ålesund sende A/L Utrustning over båtlaster med prefabrikerte barakker, dører og vindu og bygningsmateriale i alle dimensjonar, rundtrommer til kaipålar, transportband, vinsjar og kraner til saltsilo og fiskemottak.

Andreas Sætre fra Dalsfjorden vart tilsett som byggelei, og saman med 20 handplukka bygningsarbeidarar frå bygdedne på Søre Sunnmøre bygde han på år ei 130 meter lang djupvannskai, 12-15 større og mindre lagerhus, fryseri, saltsiloar, verkstad, administrasjonsbygg og barakker. Eit færøysk selskap, Grønlandsfelag, med omlag same føremål som A/L Utrustning, gjekk seinare saman med Utrustning og Asgrico og skipa selskapet Nor-Da-Far. Nor-Da-Far vart også det offisielle stadtannan på den nye byen.

Så lenge nordmennene fekk drive linjeiske på Vest Grønland, var det stor aktivitet i Færingsehavn.

Hit kom fiskebåtar frå alle nasjonar som dreiv på Vest Grønland for å levere fisk og ta ombord salt og bunkrar og kjøpevarar av alle slag. Dag og natt høyrdes duren frå kranene på kaia og transportbanda i saltlageret.

Hittil kom fryseskipa «Kolast-

Fiskeristasjonen i Færingsehavn

Ligg ved innlaupet til Buksefjorden på Vest Grønland vart grunnlagt i 1949 av det dansk-norske selskapet Asgrico med Ålesund-selskapet A/L Utrustning som ein stor aksjonær og sterkt pådrivar.

I åra som fulgte bygde A/L Utrustning djupvaskai, saltsiloar, fryseri, lagerhus, administrasjonshus m.m., og den norske staten bygde velferdshus og engasjerte velferdsjef. På eigarsida kom også det færøyske selskapet Grønlandsfelagid inn, og skipa selskapet Nor-Da-Far saman med Utrustning og Asgrico.

Årviss arbeide eit drygt hundretals menneske - størsteparten nordmenn og sunnmøringar - på stasjonen, og fiskarar frå alle nasjonar som dreiv på Vest Grønland nyttja seg av tilbode i Færingsehavn.

Aktivitetene dabbja av då det vart slutt på linjeiske. Og då Vest Grønland vart stengt for norske reketrålarar, vart det også slutt i Færingsehavn.

ind», «Caribia» og «Prince Reerer» i skytteltrafikk med forsyningar, og herifrå gjekk dei med fyrtreklasses saltfisk og frose-fisk til verdsmarknaden.

Aktivitetene dabbja av då det vart slutt på linjeiske. Og då Vest Grønland vart stengt for norske reketrålarar, vart det også slutt i Færingsehavn.

Mang ein sunnmøring seiest å ha lagt att noko av sjela si i denne lune utposten på vestkysten av Grønland, og mange er dei som har gode minner frå kjærkomme friyakter der.

I nyare norsk fiskerihistorie står Færingsehavn og det som der skjedde som eit eige, ruvande kapittel.

Desto større er sjokket for den som stig på land der i dag med entusiastiske historier om liv og kversemid i ein aktiv fiskerista- sjon i bakhovudet.

Trø varsamt på kaia

I Norge ser vi ofte bilete av forletne, russiske spøkelsesbyar på Svalbard i media. Og vi gremmest over ansvarsloyna til dei som har reist frå skrotet sitt i den sårbare naturen utan tanke på å rydde opp.

Men Færingsehavn anno 2004 er det dei færreste av oss som kjenner. Staden ligg så visst ikkje tilbake for Grumantbyen eller Coals Bay på Svalbard når det gild forfall og skjendsel!


-Trø varsamt på kaia, sa ein danske som hadde arbeidd der i tre sesongar.

-For du trør på historisk grunn - og du kan lett trø igjennom.


Det seiest på Grønland at ein dansk privatperson kjøpte stasjonen for ei krone, at han selde det som var å få sett, og let resten ligge til spott og skam. Dei som selde til dansken, selde ikkje berre ei stor bygningsmasse som dø sto tom og fråflytt, men med i handelen fylgde også ansvaret for å halde det heile ved like.

Det første som slår ein når ein kjem til Færingsehavn i dag, er dei glaslausene vindua. Alt glas er knust! Mellom rester av glas og vindussprosset blafrar gardinfiller i haustbrisen. Det store sjukhuset står rett nok med lemmer framfor nokre av vindua, men dei fleste har meir og mindre gått i opplysing.

Rundt om på svaberga står salrygga bustadbarker med opne dører og knuste glas og skrothaugar framor inngangsdørene, og trugar med segne saman kva tid som helst. I det som ein gong var eit butikklokale står endå velta på diskene, men glaset er knust og visaren som ein gong viste vekta på varene peikar ut i hytt og ver.



Ramponert. Jen Nilesen frå Danmark hadde fleire sesongar i Færingsehavn på 70-talet. For han vart det ei sterkt oppleving å sjå at det tidlegare så flotte velferdsbygget. Ikke eitt vindu var helt



Kaia. I dag må ein trø varsamt på kaia i Færingsehavn for ikkje å trø igjennom. I lokala i bakgrunnen låg butikkane på rekke og rad



Kontora. Himmelbjerget var administrasjonsbygget i Færingsehavn. Utanfor vaia i si tid det norske, danske og færøyske flagget side om side

Restane av ein porselensvask godt spreidde ut over det skitte golvet er det einaste att av det som ein gong var bad for fiskarar og landarbeidarar. I kafeen, der folk i dei gode gamle dagar hygga seg med nykokt kaffi, vaflar med syltetøy og vekdegamle aviser heimfrå, er det i dag ikkje fram-

komeleg på golvet for rusk og rask og glasskår.

Festsalen

Det som gjer det mest deprimerande inntrykket er likevel festsalen, sjølv storstova i Færingsehavn. Midt på golvet ligg velta

ein sundsleggen talarstol, ein talarstol som har vore nytta av kapasitetar som ishavsprest Monrad Nordervall, Arthur Klæbo og Jack Norwall for å ha nemt tre.

På eine sida av scena heng det framleis att restar av kunstmålar Kjell Ertresvåg sine flotte kulisser med sunnmørsmotiv. I ein krok

er tønna som vart nytta til tomatatrekning enno attkjennande.

Vi minnest svakt eit gammalt biletet frå ein skipperfest i det same lokale, der staute, oppdressa skipparar frå eit 20-tals linjebåtar set høgtideleg benka rundt festbordet, og tar eit bilet om lag same punktet som det vart teke.

-For ei skam, ville dei sagt, skipparar på biletet, om dei fekk sett festalen i dag.